

Me ynskjer å invitera deg til vår JUBILEUMSFEST fredag 17. oktober!

I år fyller universitetsmuseet i Stavanger, Arkeologisk museum, 50 år. I løpet av ein forrykande dag skal me feira det breie spekteret av forskning, forvaltning og formidling som museet står for. Eit museum skal både vera samtalearena for dei alvorlege sidene av livet, og skapa uforgløyemelege opplevingar, og denne dagen skal me berøra både desse ytterpunktene.

- Festen startar fredag 17. oktober kl. 13 ved Arkeologisk museum i Stavanger sentrum.
- Dagen vert fylt med flotte kulturelle innslag og talar, og på programmet får me mellom anna levande musikk frå Klang av Oldtid.
- Direktør ved Arkeologisk museum, Kristin Armstrong Oma, held tale om Arkeologisk museum frå 1975 til 2025.
- Rektor ved Universitetet i Stavanger tek med seg den populære podkasten Mohnitor.
- Våre kunnskapsrike formidlarar står klare for samtale i utstillingane.



Rektor ved Universitetet i Stavanger, Klaus Mohn, tek samtalen med Dr. Fedir Andoshchuk og stortingspolitikar Ingrid Fiskaa.

Mohnitor: Museum som maktfaktor

Identitet og kultur og historie er i dag blant dei aller viktigaste faktorane bak konflikt og uro, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Difor har mange museum hamna i storpolitisk krysseld når krig, konflikt og autoritære no legg føringar for dei dei offisielle fortellingane. Slike tendensar står i skarp kontrast til ein liberal demokratisk tradisjon, der musea sjølv skal legge til rette for ein open og inkluderande dialog om kven me er og kor me kjem ifrå.

I USA prøvar sentrale politikarar å overstyra formidlinga i musea, frå ei samfunnskritisk, granskande tilnærming til ei ukritisk feiring av amerikanske verdiar, til dømes gjennom ei reinsing av oppgjeret med slavehandel og kolonisering. Liknande tendensar ser ein og i Polen og Ungarn. Den russiske aggresjonen mot Ukraina inkluderer målretta bombing og plyndring av museum. Slik vil Russland utradere det historiske grunnlaget for Ukraina si hevd på eigen suverenitet.

Slike utviklingstrekk har sendt musea opp og fram på den politiske agendaen, og gjort historiene dei fortel meir aktuelle og eksplosive enn nokon gong. Frå støvete, introverte og keisame høgkulturelle festningar har musea blitt ein arena der ulike historier om oss sjølv møtest i høge bølger og brytingar.

Kva skyldast denne utviklinga? Kva for konsekvensar har ei slik utvikling? Står Noreg i fare for å bli råka av politisk innblanding i formidlinga ved musea? Kva kan ein gjere for å demme opp? Kan Noreg spele ei rolle for forholdet mellom museum og politikk i andre land?

MOHNITOR TEK SAMTALEN!

Dr. Fedir Andoshchuk er tidlegare direktør for Nasjonalmuseet for Ukrainas historie i Kyiv.

Ingrid Fiskaa (SV) har sidan 2021 vore stortingsrepresentant for Rogaland og er femte visepresident på Stortinget. Ho sit i utanriks- og forsvarskomiteen.

Klang av oldtid

Klang av Oldtid er eit norsk ensemble etablert i 2013, med autentiske kopiar av 3000 år gamle bronse-lurar. Ensemblet består av seks musikarar. Bronselurane frå Revheim er noko av det gjevaste me har utstilt ved Arkeologisk museum, og Klang av Oldtid introduserte bronselurane til det europeiske musikklivet etter ein pause på 3000 år. Dei har spelt vakker musikk sidan 2013 og stiller mannsterke med seks musikarar på vår jubileumsfest. I tillegg til bronse-lurar brukar dei også trelurar, bukkehorn, perkusjon, song og elektronikk. Hovudfokus i konsertane deira er å formidla eit bilete av oldtida, informasjon om historia og områda desse instrumenta var utbreidde i, bronestøyping og bergkunst i form av helleristingar og holemåleri.



ARKEOLOGISK
MUSEUM
Universitetet i Stavanger



Vel møtt!